



Gol kommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.  
16/02106-5

Dato  
23.09.2016

## Høyringsvar NOU 2016:4 - Ny kommunelov - Gol kommune

### Høyringsvar frå Gol kommune NOU 2016:4 Ny kommunelov

Utvalet foreslår ny føremålsparagraf §1:

*«Formålet med loven er å fremme det kommunale og fylkeskommunale selvstyre og legge nødvendige rammer for det. Loven skal legge til rette for et sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggerdeltakelse. Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne, og bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitsskapende og bærekraftige.»*

### Kommunalt sjølvstyre

Gol kommune meiner det er positivt at føremålsparagrafen nå fastslår at loven ikkje berre skal legge til rette for, men fremje sjølvstyre.

I tillegg til å styrke sjølvstyret i føremålsparagrafen foreslår utvalet å lovfeste sentrale element:

- **Legalitetsprinsippet:** Kommunen som eige rettssubjekt. Dette blir presisert ved forslag om å lovfeste at begrensingar i det lokale sjølvstyret krev heimel i lov.
- **Prinsippet om forholdsmessigheit:** §2-3, 1. ledd. *Det kommunale og fylkeskommunale selvstyret bør ikke begrenses mer enn det som er nødvendig for å ivareta nasjonale mål.*
- **Prinsippet om nærleik:** §2-3, 2. ledd. *Offentlige oppgaver bør fortrinnsvis legges så nær innbyggerne som mulig.*
- **Finansieringsprinsippet:** § 2-3, 3. ledd. *Innenfor rammene av nasjonal økonomisk politikk bør kommuner og fylkeskommuner ha frie inntekter som gir økonomisk handlingsrom.*

Gol kommune meiner at legalitetsprinsippet og forslag til lovtekst om prinsippet om forholdsmessigheit bidreg til at det lokale sjølvstyret blir tatt omsyn til på ein tilfredsstillande måte. Når det gjeld prinsippet om nærleik bør lovteksten presisere at det gjeld folkevalde organ, for å klargjere at dette gjeld lokaldemokratiet ovafor statsforvaltninga. I tillegg bør ordet «fortrinnsvis» tas ut i starten av setninga, då dette kan bli oppfatta som ei begrensing og ikkje ei prioritering av kommunane. Forslag til tekst kan vere: *Offentlige oppgaver bør legges til folkevalgte organ som er så nær innbyggerne som mulig.* Eventuelt med tillegget; *fortrinnsvis til kommunene.* Når det gjeld finansieringsprinsippet bør setninga bli snudd, slik at ikkje begrensinga kjem før sjølvstyret.

### **Folkevalde og folkevalde organ**

Utvalet foreslår i hovudsak å vidareføre gjeldande reglar om folkevalde organ. Forslag til endring ligg i å lovfeste kva for folkevalde organ som kan bli oppretta, dei reglar som gjeld for dei, namn som skal bli nytta, og kven som er folkevalde. I dette ligg at det berre er dei organ som er nemnt i lova som kan oppnevast. Føremålet med forslaget er å sikre forsvarleg saksbehandling, tilfredsstillande val av medlemmer til utvala, likskap mellom kommunane og openheit. Reglane om kommunestyre og formannskap blir forslått vidareført.

Gol kommune støttar dei føreslåtte forenklingane i regelverk for komitear og faste utval. For å styrke kommunestyret som øvste organ er det naturleg at det berre er dei som kan opprette faste utval, og at kommunestyret blir gitt stor handlefridom med omsyn til oppgåver, mynde, varigheit m.m. for slike utval. Gol kommune støttar forslaget om at dei faste utvala skal kunne opprette arbeidsutval, men det må bli vurdert nærare om det berre er utvalets medlemmer som skal sitte i arbeidsutval, eller om det og kan veljast inn andre medlemmer.

Gol kommune støttar vidare at det blir nærare definert kven som er folkevald, og at dette er kommunestyremedlemmer (direkte vald av folket) og personar som et folkevald organ etter kommuneloven har vald inn i eit folkevald organ (indirekte vald av folket).

### **Utvida innsynsrett og taushetsplikt**

Utvalet foreslår å utvide dei folkevalde organ sin innsynsrett i administrasjonens saksdokumenter, for eksempel interne dokument. Utvalet foreslår at kommunestyret som organ i utgangspunktet har innsyn i alle dokumenter i kommunen, men at andre folkevalde organ berre har innsyn i dokument som gjeld saker som dei har til behandling. Det utvida innsyn skal vere forankra i saksbehandling i folkevalde organ, og det er derfor ikkje foreslått utvida innsynsrett for den enkelte folkevalde. Utvalet foreslår vidare at kommunestyret skal kunne vedta at dokumenter som administrasjonen har unntatt offentlegheit, likevel skal vere offentlege.

Når det gjeld taushetsbelagte dokument meiner utvalet at det bør lovfestas at eit organ berre kan få innsyn når det er nødvendig i behandlinga av ei konkret sak og innsynet kan heimlas i forvaltningslova §13 b). Utvalet foreslår at organet i samarbeid med administrasjonen må foreta ein nødvendighetvurdering.

Gol kommune støttar utvalets vurderingar og forslag.

### **Delegering til andre rettssubjekt**

Utvalet fremjar forslag i §5-2, 4. ledd at kommunestyret kan delegerer mynde til å treffe vedtak til andre rettssubjekt kun dersom det gjeld saker som ikkje har prinsipiell betydning. Mynde til treffe vedtak om lovpålagte oppgåver kan berre delegerast til andre rettssubjekt dersom det er tillat i denne lov eller særlov.

Gol kommune meiner at forslaget til ordlyd innskrenkar gjeldande rett. Etter gjeldande rett er det motsatt. Kommunestyret kan delegerer mynde, med mindre det ikkje er tillat. Forslaget inneberer ei innskrenking av den rett kommunen har i dag til å overlate lovpålagte oppgåver til eigne selskap eller rettssubjekt kommunen driv saman med andre kommunar eller private. Forslaget vil innskrenke det høve kommunane har til å drive interkommunalt samarbeid, og dermed undergrave det kommunale sjølvstyret.

### **Administrasjonen**

Utvalet forslår presiseringar i lovteksten for å tydeleggjere dei folkevalde og administrasjonen sine ulike roller og oppgåver.

Gol kommune støttar tanken om å presisere ansvarsområde og roller for dei folkevalde og administrasjon. Tydeleg avklaring av roller, og aksept og respekt for desse er viktig for å skapa godt samarbeid.

### **Kommuneøkonomi**

Utvalet foreslår å lovfeste plikt for kommunane å utarbeide samla rekneskap for kommunen som juridisk eining. Utvalet foreslår at kommunen ikkje blir pålagt plikt om å utarbeide konsernregnskap som omfattar både kommunen som rettssubjekt og andre selskap som kommunen er hel- eller deleigar i (aksjeselskap eller interkommunale selskap) Utvalet begrunner dette med at det usikkert om nytterverdien kan forsvare kostnaden med å innføre konsernregnskapsplikt.

Gol kommune støttar forslaget.

### **Interkommunalt samarbeid**

Utvalet foreslår å lovfeste at kommuner kan samarbeide for å løyse oppgåver. Dei foreslår vidare at dei vanlegaste samarbeidsformene blir lista opp i loven. Utvalet foreslår å ta bort gjeldande regel i §27 som gir kommunane adgang til å opprette styre for å løyse felles oppgåver. Alternativet til dette er ein regionrådsmodell og kommunalt oppgåvefelleskap. Utvalet foreslår at oppgåvefelleskapet skal organiserast med et representantskap der alle deltakarane skal vere representert.

Gol kommune støttar forslaget om regionråd. Gol kommune støttar ikkje fullt ut forslaget om organisering av kommunalt oppgåvefelleskap, når det gjeld kravet om at alle deltagande kommunar må vere representert i representantskapet. Dette vil medføre ei innskrenking av dagens ordning. Gol kommune meiner at det må vere opp til deltakarane å bestemme korleis representantskapet skal vere samansett, avhengig av kva for oppgåver samarbeidet skal løyse. Omgrepet interkommunalt samarbeid bør bli erstatta av omgrepet kommunesamarbeid.

### **Eigenkontroll**

Utvalet foreslår å utvide minimumskravet til medlemmer i kontrollutvalet frå 3 til 5. Bakgrunnen for forslaget er at utvalet meiner dette vil gjere kontrollutvalet til eit mindre sårbart organ, og føre til ein betre debatt og breiare kompetanse.

Gol kommune støttar forslaget om å utvide minimumskravet til 5 medlemmer. Gol meiner at dette vil føre til betre balanse og dynamikk i drøftingane i kontrollutvalet.

Revisjon:

Utvalet foreslår ei utviding i regnskapsrevisor si rolle (§24-6), ved å pålegge revisor å utføre kontroll med om bruken av kommunens midlar har heimel i kommunestyrets budsjettbevilling. Revisor vil då få eit utvida ansvar for å vurdere risiko, og sjå etter feil og manglar, både ved oppfølginga av kommunestyrets budsjettvedtak og ved økonomiforvaltninga.

Utvalet foreslår vidare å oppheve dagens krav om årleg forvaltningsrevisjon. Utvalet vil erstatte dette med eit krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for kvar valperiode om dei områder som skal bli underlagt forvaltningsrevisjon (etter innstilling frå kontrollutvalet)

Gol kommune meiner at det er viktig med kontrollrutinar. Dette er ein føresetnad for å sikre rett bruk av kommunens midlar, hindre korrupsjon og mislegheiter og for at innbyggjarane skal ha tillit til forvaltninga. Gol kommune støttar likevel ikkje forslaget om utviding av regnskapsrevisor si rolle, då dette blir vurdert som godt ivaretatt med dagens regelverk. Ressurssituasjonen i kommunane i dag gjer at det ikkje er ei ynskja utvikling å bruke meir ressursar på kontroll og tilsyn.

Gol kommune støttar forslaget om å erstatte årlig forvaltningskontroll med krav om at kommunestyret utarbeider ein plan for kvar valperiode (som krav i dagens forskrift om kontrollutval §9) Dette vil medføre at kommunestyret får eit større eigarforhold til dei forvaltningsrevisjonane som skal bli gjennomført, og at revisjonane blir meir retta inn mot dei konkrete utfordringane kvar kommune måtte ha.

### **Statleg kontroll og tilsyn**

Utvalet foreslår å vidareføre dagens regler om lovligeitkontroll og statleg tilsyn. Utvalet foreslår å styrke dialogen med kommunane, ved at dei er part under heile tilsynsprosessen. Vidare blir det foreslått å pålegge dei statlege tilsynsverksemder ei samordningsplikt (§31-6), både mellom dei forskjellige tilsynsverksemdene, og at tilsynet skal kunne utgå dersom kommunen sjølv har gjennomført internkontroll. Hensikta er at belastninga på kommunen ikkje skal bli for stor.

Gol kommune støttar forslaget om meir dialog med kommunane i forkant av tilsyn, og meir samordning mellom statlege tilsynsverksemder, og i forhold til kommunen sin eigen interne kontrollverksemd.

Med helsing

Hege Mørk  
Rådmann

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Kopi til: